



Saksbehandlar: Statens vegvesen, Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/7870-3

## **Gang- og sykkelveg langs fv. 607 Heggebø - Leirvik i Hyllestad kommune**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Prosjektet fv. 607 Heggebø – Leirvik i Hyllestad kommune vert bygd etter alternativ 2 med ei kostnadsramme på 24,8 mill. 2019-kr.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Det er tidlegare bygd gang- og sykkelveg på deler av fv. 607 Heggebø – Leirvik i Hyllestad kommune. Nokre vanskelege parti står att. Desse er prioriterte i RTP for 2018-2027. Det er her sett av 15 mill. 2018-kr i budsjettet for 2019 til å fullføre prosjekt.

I samband med reguleringsplanen er det utført eit anslag for sluttføring som viser ein kostnad på 31,5 mill. 2018-kr med ei uvisse på +/- 10%.

Statens vegvesen har no sett på korleis vi kan redusere kostnadene og har kome opp med tre alternative løysingar med kostnadar på 18, 24 og 31,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen meiner det er rett å sluttføre prosjektet no sjølv om kostnaden syner seg å vere monaleg høgare enn det som var lagt til grunn då FT prioriterte prosjektet i samband med behandlinga av RTP i desember 2017.

Fylkesrådmannen meiner at målsetjinga for prosjektet blir oppfylt ved å velje alternativ 2 til ein kostnad på om lag 24 mill. kr, då dette gir eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar mellom Heggebø og Leirvik.

### **2. Bakgrunn for saka**

Det er tidlegare bygd gang- og sykkelveg på deler av fv. 607 Heggebø – Leirvik i Hyllestad. Nokre vanskelege parti står att. Desse er prioriterte i RTP for 2018-27. Det var her sett av 15 mill. 2018-kr i budsjettet for 2019 til å fullføre prosjekt.


Trafikkmengda er 600 køyretøy pr. døgn og farten er 50 km i timen.

Prosjektet fekk tilført 0,8 mill. kr i HS-sak 5/2018 Fylkesveg – fordeling av planleggingsmidlar 2018. Desse midlane skulle gå til å sluttføre reguleringsplanen og til prosjektering i 2018.

I samband med reguleringsplanen er det utført eit anslag for sluttføring av prosjektet som viser ein kostnad på 31,53 mill. 2018-kr, med ei uvisse på +/- 10%. Dette er vesentleg høgare enn forventa. Dette kan forklarast ut frå vanskelare terrell i området enn føresett. Både sprenging av høge skjeringar og passering av område med ur/lausmasse er kostbart.

Fylkesrådmannen gav Statens vegvesen i oppgåve å sjå på kostnadsreduserande tiltak i prosjektet. Statens vegvesen har no sett på ulike løysingar.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at prosjektet vert gjennomført. I framlegg til saldert budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 er det derfor lagt inn ei løying på 24,8 mill. kr i 2019, noko finansutvalet slutta seg til 2. november 2018. Samtidig var det sagt at fylkesrådmannen skulle kome tilbake med ei eiga sak med endeleg prosjektavklaring til fylkestinget i desember.




#### Sentrale problemstillingar

Statens vegvesen har sett på korleis vi kan redusere kostnadene i prosjektet. Det har såleis vore arbeidd med fleire ulike løysingar.


#### *Alternativ 1: Kostnadsoverslag på 31,53 mill. 2018-kr*

Det som skal byggast er 560 meter med gangveg/fortau. Av dette er 320 meter gangveg skilt frå køyrevegen med betongkant og 240 meter fortau skilt frå køyrevegen med kantstein. Breidde på gangveg og fortau er 2,75 meter og 2,5 meter. Inn mot Leirvik sentrum er fortauen lagt i overvarende køyreveg, og køyrevegen er utvida tilsvarende på andre sida. Dette medfører at overbygninga på køyrevegen må byggast opp på nytt over ei strekning på 300 meter, og i sentrum må noko kantstein og planter flyttast. I tillegg må det leggast nytt toppdekke på køyrevegen. Dette utgjer 300 meter i tillegg til strekninga der heile overbygninga på vegen må takast att. Det er her inkl. 40 meter veg i Leirvik sentrum der det ikkje vert bygd gang- og sykkelveg eller fortau. Det er også rekna med nytt rekkverk på sjøsida av køyrevegen og nytt veglys.

Det mest kostbare langs denne strekning er 200 meter i enden mot Heggebø. Her er det eit område med ur på ca. 60 meter som det er svært kostbart å passere. Det er også høge fjellskjeringar med vanskeleg tilkomst og kostbart sprengingsarbeid. Dette utgjer ca. 100 meter. I tillegg kjem sikring av fjellskjeringar og reinsk av fjellparti høgt over vegen. Det er nokre meter mellom ura og det vanskelege partiet som er enklare å løye.



Bilde 1: Ur i område fra km 17,690 til 17,750



Bilde 2: Fjellskjering i område fra km 17,750 og til km 17,850

#### *Alternativ 2: Kostnadsoverslag på 24,22 mill. 2018-kr*

Statens vegvesen har her sett på korleis vi kan redusere kostnadene, jf. alternativ 1.

Kostnadsoverslaget er for dette alternativet redusert med 7,31 mill. kr fra 31,53 mill. kr til 24,22 mill. kr.

Kostnadsreduksjonen kjem ved at fortau inn mot Leirvik sentrum er erstatta med utvida skulder som gjer at alle tiltak i Leirvik sentrum er kutta ut. Dermed unngår ein flytting av køyrevegen, jf. alt. 1. Vidare er det ikkje rekna med tiltak på 70 meter (jf. bilet 2) av noverande gangveg på innsida av betongrekkeverk. I dette området er det minimal grøft mellom gangveg og 12 meter høg skjering. Linjeføringa til køyrevegen blir ikkje endra og einaste tiltak på køyrevegen blir nytt toppdekke etter anleggsarbeidet på to strekningar med ei samla lengd på 430 meter. Det er ikkje rekna med nytt veglys.

Endringane medfører at køyrevegen blir liggande som i dag, med breidde mellom 5 og 6,5 meter. Strekninga mellom kommunal veg til Handalen og Leirvik sentrum får ikkje gangveg/fortau, men utvida skulder (gjeld ca. 30 meter). Dette alternativet medfører at store delar av køyrevegen ikkje kan utbetra seinare, utan også å ta att gangveg og fortau.

Kort oppsummert vil dette alternativet medføre at det vert bygd gangveg forbi ura, jf. bilet 1. Strekninga jf. bilet 2, vert ikkje utbretta og det vert heller ikkje gjort tiltak i Leirvik sentrum, jf. bilet 3.



Bilde 3: Frå kommunal veg til Handalen og inn til Leirvik sentrum (ca. 30 meter) er det plan-lagt utvida skulder i staden for fortau. I Leirvik sentrum flyt fylkesvegen saman med ein stor asfaltert plass som er nytta både av bilar og mjuke trafikantar. I alt. 2 er alle tiltak i sentrum kutta ut, og det er ikkje planlagt bygging av fortau med kantstein mot køyrvevegen eller andre fysiske tiltak for å tvinge biltrafikken inn i eit innsnevra kryss med fast køyremønster.

*Alternativ 3: Kostnadsoverslag på 18,22 mill. 2018-kr*

Det er mogeleg å redusere kostnadene ytterlegare med ca. 6 mill. kr ved å ikkje gå inn i ura i sørenden av strekninga mot Heggebø, jf. bilet 1, men heller innsnevre køyrevegen for å gi plass til gang- og sykkelveg. Statens vegvesen meiner ei slik løysing kan gi høgare risiko for trafikkulukker. Kor stor risikoen er kan Statens vegvesen ikkje sei noko om då det ikkje er gjennomført ei risikoanalyse.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesrådmannen meiner det er rett å sluttføre prosjektet no sjølv om kostnaden syner seg å vere monaleg høgare enn det som var lagt til grunn då FT prioriterte prosjektet i samband med behandlinga av RTP i desember 2017.

Fv. 607 Heggebø – Leirvik har vore prioritert dei siste 10 åra. Målet med prosjektet er å sluttføre eit tidlegare halvgjort prosjekt. Dette prosjektet er omtala i Gå- og sykkelstrategien til RTP for 2018-2027, der det er ei målsetting å bygge manglande lenker for å få eit samanhengande gå- og sykkelvegtibod. Som kjent pågår det eit reguleringsplanarbeid som skal leggje til rette for bygging av manglande lenker på strekninga. Grunneigarar kjem i ein vanskeleg situasjon dersom vi bind areal for bygging, og ikkje byggjer prosjektet.

Fylkesrådmannen vurderer no at det som vert gjort på strekninga må sjåast på som ei endeleg sluttføring av prosjektet. Ut frå dette kan ikkje alt. 3 tilrådast fordi dette legg opp til at køyrevegen vert varig innsnevra med den konsekvens at risikoen for trafikkulukker kan auke.

Alt. 1 gir eit samanhengande gå- og sykkeltilbod til trafikantane på strekninga. Samstundes ligg det til rette for at vi kan få til ein køyreveg med fast breidde i samsvar med vognormalane. Såleis er dette det beste alternativet. Kostnaden med dette alternativet er det doble av det fylkestinget la til grunn då prosjektet vart prioritert i samband med Regional transportplan.

Fylkesrådmannen syner til at det primære med planarbeidet er å gje dei gåande- og syklande eit samanhengande tilbod, noko vi ser vert oppfylt ved å velje alt. 2. Dette har også ein monaleg lågare kostnad samanlikna med alt. 1. Fv. 607 har ein varierande standard, og ut ifrå det kan vi akseptere at vi ikkje legg opp til fullgod vognormalstandard på den regulerte strekninga.

Plangrensa vert lagt midt i køyrevegen for å synleggjere at utbetring av køyrevegen ikkje er målsetjinga med planarbeidet. Tiltaket vert såleis definert som eit utbetringstiltak som gjer at krava i vognormalane ikkje vert gjort gjeldande.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner at målsetjinga for prosjektet blir oppfylt ved å velje alt. 2, då dette gir eit samanhengande tilbod til mjuke trafikantar mellom Heggebø og Leirvik.